



Olga Solvold
Lurevegen 174a
5912 Seim

Referanser:
Dykkar:
Vår: 22/4048 - 22/38121

Saksbehandlar:
Anngunn Marie Gullbrå
anngunn.gullbra@alver.kommune.no

Dato:
18.05.2022

Melding om utført endring av bygningsopplysningar GBNR 172/147

Etter forespørsel frå deg innkome til kommunen 13.05.22.har kommunen utført endring av bustadhus frå bygningstype 112 einebustad m/hybel/ sokkelleilighet til bygningstype 111 einebustad.

Det har tidlegar vore sletta ei bueining i dette bustadhuset, men bygningstypen var framleis registrert som einebustad m/hybel/ sokkelleilighet -truleg for å markera at det var 2 einingar/ 2 seksjonar i dette bygget.

NGIR fakturerer 2 renovasjonsgebyr der det er registrert bygningstypen 112. I tillegg har du renovasjonsavtale for fysioterapi- verksemda i seksjon nr 2. Slik dette no feilaktig var registrert i matrikkelen fekk du difor krav for eit gebyr for mykje.

Kommunen har no endra byningstypen frå 112 einebustad m/hybel/ sokkelleilighet til 111- einebustad. Det er registrert 1 bueining i huset, og 1eining til «annet enn bolig».

Når det er ein kombinasjon av bustad og næring i eit bygg, skal næringstypen alltid vera anna enn bustad. Næringstypen som er registrert på dette bygget er no kode Q (Helse- og sosialtjenester).

NGIR og avdelinga som lagar grunnlaget for kommunale avgifter får også melding om endringa.

Du ber om at faktura for næringsdelen – Seksjon nr 3 vert sendt til firmaet Seim Fysikalske AS.

Vedlagt ligg matikkelrapport som viser kva som er registrert om bygget før og etter rettinga.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Kart og oppmåling

Anngunn Marie Gullbrå

avdelingsingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Olga Solvold
Sture Kristian Solvold

Lurevegen 174a
Lurevegen 174a

5912 Seim
5912 Seim